

## Verneplan for skog

### Tilråding om vern av Bjørgefjell naturreservat i Seljord kommune



*Blandingsskog i øvre deler av Raudgjuv*

*Foto: BioFokus v/Sigve Reiso*

**Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark fylke**  
**Juli 2023**

## INNHALD

1. Framlegg.....	side 3
2. Heimel.....	side 3
3. Verneverdiar.....	side 4
4. Andre interesser.....	side 5
5. Trugslar mot verneverdiane.....	side 5
6. Sakshandsaming.....	side 5
7. Viktige endringar under handsaminga av verneplanen.....	side 6
8. Forvalting, økonomiske og administrative konsekvensar.....	side 6
9. Lokal og sentral høyring.....	side 7
9.1. Merknader til oppstartsmeldinga.....	side 8
9.2. Merknader til lokal og sentral høyring.....	side 10
10. Statsforvaltaren sine kommentarar og tilråding til det føreslegne området.....	side 12

### Vedlegg

1. Framlegg til forskrift for Bjørgefjell naturreservat
2. Framlegg til avgrensing av Bjørgefjell naturreservat (eige kartvedlegg)

## 1. Framlegg

Statsforvaltaren gjer med dette framlegg om vern av skog i privat eige i Seljord kommune i Vestfold og Telemark fylke. Framlegget til vern er tufta på ordninga med frivillig vern av skog.

Området det gjeld er Bjørgefjell i Seljord kommune. Det er ti grunneigarar som har kome med tilbod om frivillig vern av ca. 4547 daa skog. Delar av området er vurdert som regionalt til nasjonal verneverdig (\*\*/\*\*\*) i samband med registrering av biologiske verdier av området Raudjuv i 2008. Samla vurderer Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark at området minst er å rekne som eit regionalt viktig (\*\*) område, basert på tidlegare kartlegging og informasjon om området.

## 2. Heimel

Området vil bli verna som naturreservat med heimel i lov av 19. juni 2009 nr.100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven). I lova er det i §§ 35 til 39 gjeve heimel for ulike vernekategoriar. Generelle mål for områdevern fylgjer av naturmangfoldloven sin § 33. Føremålet med det einsskilde verneområdet må likevel skildrast konkret og knytast opp mot vilkåra som gjeld for den einsskilde vernekategorien i §§ 36 og 37. Naturreservat er det strengaste vernet etter naturmangfoldloven.

Vedtak om oppretting av naturreservat vert gjort av Kongen i statsråd etter naturmangfoldloven sin § 37, som lyder slik:

*”Som naturreservat kan vernes områder som:*

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,*
- b) representerer en bestemt type natur,*
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,*
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst eller*
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi*

*Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettingstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.*

*I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.*

*Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettingstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for bevaring av det biologiske mangfold, skal det samtidig med vernevedtaket legges fram et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk kompensasjon til private som bidrar til området skjøtsel.”*

### **Vurdering i høve til naturmangfoldloven kap. II**

Med omsyn til kunnskapsgrunnlaget (jf. § 8 i nml.), så ligg det føre god dokumentasjon av artar og naturtypar i området, jf. omtala i kap. 3 Verneverdiar. Restriksjonane på inngrep

og tiltak som verneføreseigna regulerer vil ta vare på verneverdiane, og den bruken som vert tillate vidareført vil ha liten negativ verknad på dei. På bakgrunn av det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre er vår vurdering difor at effekten av vernet på verneverdiane og naturmangfaldet i sum vil vera positiv. Ut frå denne konklusjonen ser vi det ikkje som naudsynt å gå nærare inn på prinsippa i naturmangfoldloven §§ 9-12.

### 3. Verneverdiar

Det er innafor området tidligare gjennomført ei naturfaglig registrering med rapport (BioFokus 2008), av bekkekløfta Raudjuv. Bekkekløfta med omkringliggende skog (689 dekar) er vurdert som regionalt til nasjonalt verneverdig (4 poeng). Raudjuv utgjer ein topografisk dramatisk og sør- vestvendt bekkekløft med klare kvalitetar knytta til velutvikla rik lauvskog, rik rasmark og gamal furuskog.

Området i sin heilskap er dominert av eldre, samanhengande skog (hogstklasse 5), med små areal av yngre skog som ligg mot nordlig vernegrense. Det er registrert 7 naturtypar (jf. Naturbase) utanfor den kartlagte bekkekløfta, derav gamal barskog, rik blandingskog i låglandet, rik edellauvskog, store gamle trær og slåttemark. Det er også registrert nøkkelbiotopar (Miljøregistrering i skog) med livsmiljøa rik bakkevegetasjon, eldre lauvsuksesjon, gamle trær, samt hole lauvtrær.

Raudlisteartar innafor området: Rosa tusselav *Schismatomma pericleum* (VU), edellundlav *Bacidia laurocerasi* (VU), stuvkraterlav *Gyalecta derivata* (EN), rosenkjuke *Fomitopsis rosea* (NT), ask *Fraxinus excelsior* (VU), furuskjell *Cladonia parasitica* (NT), Hvitkjuke *Antrodia albida* (LC), ospehvitkjuke *A. pulvinascens* (NT), begerfingersopp *Artomyces pyxidatus* (LC), revekjuke *Inonotus rheades* (LC), rosenkjuke *Fomitopsis rosea* (NT), granrustkjuke *Phellinus ferrugineofuscus* (LC), praktbarksopp *Veluticeps abietina* (LC), beikdoggnål *Sclerophora pallida* (NT), alm (NT), barlind (VU), blankstorkenebb (NT) og stavklokke (NT).

Det er vidare registrert fleire truga vegetasjonstypar som kalkskog (VU), bergknaus (VU) og høgstaudegranskog (NT).

Statsforvaltaren kjenner til at vandrefalk hekkar innafor det føreslegne vernearealet. Vandrefalk er ikkje på raudlista, men er ein forvaltingsmessig interessant art som ein nå meiner har ein stabil bestand i fylket.

Området oppnår høg mangeloppfylling på den generelle og regionale mangelen bekkekløft, vidare inngår de generelle manglane låglandsskog, rike skogtypar og høge bonitetar. Ca. 89% av arealet er produktiv skog, derav ca. 34 % på høg eller middels høg bonitet.

Av viktige skogtypar finnes edellauvskog, rik lågurtskog, kalkskog og høgstaudeskog.

#### Føremål

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som har særleg betydning for biologisk mangfald på grunn av førekomst av ei større bekkekløft, rik edellauvskog, rik blandingskog i låglandet og eit stort område med samanhengande gamal barskog.

Området har særskilt naturvitskapeleg verdi på grunn av førekomst av bekkekløft, sjeldne og truga artar og naturtypar.

Etter Statsforvaltaren si vurdering fyller området dei krava som naturmangfoldloven sin § 37 set for område som kan vernast som naturreservat.

#### **4. Andre interesser**

##### **Planstatus**

Arealet er sett av til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel i Seljord.

#### **5. Trugslar mot verneverdiane**

Skogsdrift vil vera ein trugsel mot verneverdiane. Ferdslar og beiting vert ikkje sett på som nokon trugsel i området i dag.

#### **6. Sakshandsaming**

##### **Bakgrunn**

Vern av skog har dei siste 15 åra vorte prioritert i verneplanarbeidet i Noreg. Gjennom handsaming av St.meld. nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. St.meld. nr. 25 trakk og opp viktige prinsipp og satsingsområde for ei slik opptrapping av skogvernet. Mellom anna at eit utvida skogvern skulle følgja dei faglege råda i rapporten "*Evalueringen av skogvernet i Norge*", laga av NINA og Skogforsk.

I meldinga blei frivillig vern trekt fram som ein viktig strategi for det framtidige skogvernet i Noreg. Frivillig vern tyder at skogeigar(-ane) tilbyr staten vern av eigen skog. Miljøvern-mynda vurderer tilboda og gjer naturfaglege registreringar for å kartleggje verneverdiane. Om det etter ei slik registrering er aktuelt å legge fram eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneføresegn og økonomisk erstatning. Det vanlege er at når staten og grunneigar er samde om desse punkta vil området gjennomgå vanleg sakshandsaming i tråd med naturmangfoldloven. Etter avtale med grunneigar kan melding og høyring av verneframlegg likevel gjerast før avtale er underteikna.

##### **Konkret om området**

Tilbod om frivillig vern for Bjørgefjell naturreservat vart motteke frå grunneigarane via AT Skog 17.4.2020. Naturverdiar vart undersøkte i bekkekløfta Raudgjuv i 2008 og vart rapporterte i 2009, i delar av området. Resten av området er delvis naturtypekartlagt og registrert med nøkkelbiotopar og raudlisteartar.

##### **Melding om oppstart**

Formell melding om start på verneplanarbeidet blei sendt 11. juni 2020. Innkomne merknader blei kommentert i høyringsdokumentet.

## Høyring

I samsvar med naturmangfoldloven og reglane om sakshandsaming til denne, sendte Statsforvaltaren framlegget til vern ut på høyring den 19.2.2021, med frist 14.4.2021. Det vart gjort ei felles lokal og sentral høyring. Det kom ingen fråsegner til lokal høyring og seks fråsegner til sentral høyring, som omtalar Bjørgefjell.

Framlegget blei også sendt på ein kort høyring den 2.3.2022 til private grunneigarar med eigedom inne i det foreslegne naturreservatet, men ved ein feil ikkje sto på høyringslista. Det kom ikkje innspel til denne, utover kva som er omtala under kapittel 7.

## Vidare saksgang

Statsforvaltaren sender på bakgrunn av høyringsdokumentet og innkomne fråsegner, tilråding om vern til Miljødirektoratet. Til vanleg vil det på dette tidspunktet i verneprosessen vera gjennomført forhandlingar og underskrive avtaler med grunneigarane, men det er førebels ikkje inngått avtalar mellom partane i dette området. Miljødirektoratet legg saka fram for Klima- og miljødepartementet, som deretter vil førebu saka og gjera framlegg om vernevedtak for Kongen i statsråd. Etter vernevedtak ved kgl. res. vil erstatninga i tråd med underskrivne avtaler bli betalt ut av Miljødirektoratet. Statsforvaltaren får etter det normalt i oppdrag å gjera vedtaket kjent lokalt og sørgje for at naturreservatet blir forsvarleg merka og skilta. Dette vert vanlegvis gjort ved at Statsforvaltaren ber om grensegang ved jordskifteretten, i dette høvet vil det bli ved Øvre Telemark jordskifterett.

## 7. Viktige endringar under handsaminga av verneplanen

Ved oppstart av verneprosess vart området kalla Raudgjuv (Bjørgefjell). Språkrådet tilrådde skrivemåten Raudgjuv i samsvar med tilrådd skrivemåte i SSR og norsk rettskriving. Det andre namnet er registrert med både Bjørgefjell og Bjørgefjellet som tilrådde skrivemåtar, men heradsregisteret har uttale i ubunden form, så dei hadde ikkje merknader til den foreslåtte skrivemåten Bjørgefjell. Statsforvaltaren har foreslått namnet Bjørgefjell, og det vert ikkje gjort framlegg om endring av namn under høyringa.

Grunneigarane har kome med innspel på verneforskrifta og mindre endringar i vernegrensa etter taksering av området.

Det er i tråd med innspela teke inn i forskrifta under § 7 høve til :

- k. *Naudsynt motorferdsel for transport av ved, materiale og utstyr til hytter avmerka i vernekartet, samt hytter på gbnr. 3/14 og 54/12 som ligg inne i reservatet avgrensa som egne eigedommar.*
- l. *Oppsetting av enkelt uthus/utedo eller enkelt tilbygg med uthusfunksjon til hytter avmerka i vernekartet.*
- n. *Naudsynt rydding av vegetasjon og skjøtsel rundt hytte på gnr./bnr. 54/4, for å halde opphavlege beite opne og hindra gjengroing.*
- o. *Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 g, i, j og § 7 a, c, d, f og j.*

Innspel om uttak av ved på eit større areal rundt hyttene er ikkje mogleg etter forskrifta, men det er opna for frakt av ved etter søknad jf. § 7 k. Det er teke inn moglegheit for

nødvendig vegetasjonsrydding innanfor eit mindre areal (ca. 1 dekar) rundt hyttene jf. § 7 m: *Naudsynt rydding av vegetasjon i eit område på inntil 1 dekar rundt hytter avmerka i vernekartet.* Om det blir teke ut tre innanfor dette arealet, kan det nyttast til ved. Uttak av vegetasjon av tryggingmessige grunnar rundt hyttene kan uansett gjennomførast.

Endringane er satt i kursiv i forskriften, jf. Vedlegg 1.

Rundt spørsmål om fallrett for elva gjennom Raudgjuv, så vil ikkje eit vern medføra at grunneigar mistar retten. Men i samsvar med paragraf 3c i forskrifta er utbygging og tiltak innanfor vernegrensa forbode.

Rundt Nystaul er arealet rundt hytta endra med 6 dekar, som er teke ut av tilbudet. Statsforvaltaren har også vurdert nærare dei areal i vernegrensa i nord som omfattar ungskog og ynskje om å redusere desse i verneområdet. I samband med grunneigarar har vi kome fram til at den yngre skogen tas ut. Det er også endra på vernegrensa i sør mot kraftlina. Vernegrensa er her flytta i overkant av kraftline og tilhøyrande ryddesone. Det er i tillegg teke ut litt mindre areal i vest og sør etter ynskje frå grunneigarane. Samla har det ført til ei endring i areal på 332 dekar, frå 4885 til 4547 dekar.

## **8. Forvalting, økonomiske og administrative konsekvensar**

Det er etter Statsforvaltaren si vurdering ikkje trong for forvaltingsplan for dette området. Vern av arealet vil ikkje føre med seg stor trong for oppsyn.

## **9. Lokal og sentral høyring**

Verneplanen vart sendt på lokal høyring til grunneigarar, Seljord kommune, Vestfold og Telemark fylkeskommune, og til følgjande brukarorganisasjonar, regionale statlege etatar, næringsinteresser og lokale interesseorganisasjonar:

Seljord skogeierlag, Seljord JFL, Seljord turlag, Nedre Telemark Bonde- og småbrukarlag, Forum for natur og friluftsliv Telemark, Grenland friluftsråd, Naturvernforbundet i Telemark, NJFF Telemark, NOF Telemark, Midt-Telemark Energi AS, Vest-Telemark Kraftlag AS, Telemark Turistforening, Telemark Orienteringskrets, Tinn Energi, Statens Vegvesen Region sør, Statskog SF Kongsberg, Skagerak Energi AS, Lede, Telenor Servicesenter for nettutbygging, Telemark Bonde- og Småbrukarlag, Telemark Bondelag, Telemark Botaniske Forening og Telemark Sau og Geit.

Verneplanen vart sendt på sentral høyring til:

AVINOR AS, Bane NOR SF, Den Norske Turistforening, Direktoratet for kulturminneforvaltning, Direktoratet for mineralforvaltning, Forsvarsbygg, Friluftsrådernes Landsforbund, Institutt for biovitenskap - Universitetet i Oslo, Kommunenes sentralforbund, Landbruksdirektoratet, Luftfartstilsynet, Natur og Ungdom, Naturvernforbundet, NHO Reiseliv, Norges Bondelag, Norges Geologiske Undersøkelser, Norges Handikapforbund, Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité, Norges Jeger- og Fiskerforbund, Norges Luftsportsforbund, Norges miljø- og biovitenskapelige universitet, Norges Miljøvernforbund, Norges Orienteringsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Biologforening, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Botanisk

Forening, Norsk Friluftsliv, Norsk institutt for bioøkonomi, Norsk institutt for naturforskning, Norsk Organisasjon for terrengsykling, Norsk Orkideforening, Norsk Ornitologisk Forening, Norsk Sau og Geit, Norsk Zoologisk Forening, NORSKOG, NSB hovedadm., NTNU Fakultetet for naturvitenskap og teknologi, NTNU Ringve botaniske have, NTNU Vitenskapsmuseet, SABIMA, Språkrådet, Statens Kartverk, Statkraft SF, Statnett SF, Universitetets naturhistoriske museer og botanisk hage, Vegdirektoratet og WWF-Norge.

### **9.1. Merknader til oppstartsmeldinga:**

Formell oppstart på verneplanarbeidet blei meldt 11. juni 2020. Det kom inn følgjande merknader:

Riksantikvaren (e-post dagsett 12.6.2020) viser til kulturminneforvaltningen i fylkeskommunen og behandler derfor ikke saka.

Språkrådet (brev dagsett 29.06.2020) uttalar følgjande:

*«Det går ikkje fram av saksdokumenta om begge desse namna skal nyttast på verneområdet, eller berre eitt av dei. Vi ber Fylkesmannen om at det i den lokale og sentrale høyringa kjem tydeleg fram kva som skal vere namn på naturreservatet. For det første namnet tilrår vi skrivemåten **Raudjuv** i samsvar med tilrådd skrivemåte i SSR og norsk rettskriving. Det andre namnet er registrert i SSR med både Bjørgefjell og Bjørgefjellet som tilrådde skrivemåtar, men heradsregisteret har uttale i ubunden form, så vi har ingen merknader til den foreslåtte skrivemåten Bjørgefjell.»*

Bane NOR SF (brev dagsett 9.7.2020) uttaler at planområdet ikke berører jernbanens interesser, og de har derfor ingen merknader til planarbeidet.

Landbruksdirektoratet (brev dagsett 17.7.2020) uttaler følgende:

*”Som instans for høyringa av forslag til oppretting av nye naturreservat, ønsker vi å gi nokre generelle innspel til verneprosessen.*

#### **Grundig beskriving av området**

*Av høyringsdokumenta må det komme tydeleg fram om og i tilfelle korleis det aktuelle området blir nytta til landbruksformål. Dersom det er landbruksinteresser i området som ikkje blir tatt omsyn til i utkast til forskrift, ber vi om at det blir grunngjeve i høyringsdokumenta. Typiske landbruksinteresser kan vere (lista er ikkje uttømmande):*

- o Skogsbilveg som er naudsynt for skogbruk på tilgrensande areal*
- o Traktorveg i samband med jordbruk*
- o Støl/seterområde*
- o Beite*
- o Reindrift*

#### **Utforming av forskrift**

*Dersom det går vegar/ferdselsårer gjennom verneområdet, må Fylkesmannen vurdere om det kan bli gitt føresegn om merking, rydding og vedlikehald av desse. Det bør bli lagt til rette for drift og vedlikehald av eventuelle støl-/seterområde og bli opna for andre*



*tekniske tiltak som bidreg til ein landbruksmessig utnytting av området. Dersom slike tiltak ikkje er ønskeleg innanfor verneområdet, må det bli gitt ei fagleg grunngeving for dette i høyringsdokumenta.*

*Beite vil vere aktuelt i mange område som blir foreslått verna som naturreservat. Det bør difor bli vurdert om forskrifta kan opne for dette. Viss ikkje, må det bli gjort greie for kvifor i høyringsdokumenta. Dersom det blir opna for beiting i området bør det også bli utarbeida føresegn for utsetting av saltsteinar og oppføring/vedlikehald av gjerde og sankekveer.*

*For alle tiltaka over må det bli vurdert om det kan bli gitt føresegn om motorferdsel i samband med tiltaka. Det bør bli gitt generelt unntak frå føresegna om ferdsl i samband med uttransportering av sjuke og skadde bufe.*

*Vi går ut frå at Fylkesmannen sin landbruks- og reindriftsfaglige kompetanse blir involvert i utforming av forskrift og verneplan. Det vil også vere nyttig å involvere den lokale landbruksforvaltninga i arbeidet.”*

NVE (brev av 22.07.2020) uttalar at «I områdene Miland, Dalåsen, Myklestul, Lynglifjellet og Raudjuv er det konflikt med kraftlinjer. Elles er det ikke noen kjente konflikter i forhold til våre andre interesseområder. Raudjuv (Bjørgefjell): 22 kV kraftlinje tilhørende Vest- Telemark kraftlag AS grenser til/går gjennom området. I områdene med konflikt med kraftlinjer forutsetter vi at standard bestemmelser om kraftlinjer blir tatt med i forskriften. I de tilfeller der et foreslått verneområde grenser til ryddegaten for kraftlinjen bør det vurderes å ta inn følgende bestemmelse: «Drift og vedlikehold, samt nødvendig istandsetting ved akutt uftall, på eksisterende energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet». Dette for å ta høyde for at noe av vedlikeholdet med kraftlinjene vil kunne skje inne i verneområdet, for eksempel linjerydding.

*NVE har generelt ikke kjennskap til nettselskapenes planer for distribusjonsnett, og vi forutsetter at områdekonsesjonærene kommenterer eventuelle konflikter med egne anlegg og planer. Etter det vi kan se er ikke områdekonsesjonærene Vest-Telemark kraftlag AS og Midt-Telemark Energi AS med på høringslisten, og vi ber om at de får anledning til å uttale seg.»*

NJFF Telemark (brev dagsett 22.07.2020) uttalar følgjande:

*«Så lenge de fremtidige verneforskriftene for områdene ivaretar NJFF Telemark sine interesser, på linje med tidligere verneforskrifter, har vi ingen innvendinger mot oppstart av verneprosessene.»*

Direktoratet for mineralforvaltning (brev dagsett 22.07.2020) uttalar følgjande:

*«Det varsla verneområde Raudgjuv rører ved den austlege delen av den registrerte sand- og grusførekomsten Raudgjuv, som av Noregs geologiske undersøking er vurdert å vere av lokal betyding.*

*I følgje NGU er førekomsten ei breelvvifte som består av grovkornige massar av kvartsitt/kvartsittskifer. Det har ifølgje kart og informasjon frå NGU vore masseuttak frå*

*førekomsten, og NGU har vurdert førekomsten å vere viktig i forsyninga av knuste massar for ulikebyggjeformål. Det er i DMF sine databaser ikkje registrert aktive uttak innanfor denne førekomsten per i dag. DMF vurderer at verneområdet vil bandlegge ein avgrensa del av førekomsten, og at det fortsatt vil vere mogleg å ta ut massar frå attståande del av førekomsten. Ut frå det som per no er kjend informasjon, har ikkje DMF grunnlag for å kome med merknadar eller gå imot verneforslaget.»*

..

5 )Noregs geologiske undersøking (NGU):

[http://aps.ngu.no/pls/oradb/grus\\_GP\\_Del\\_fakta.fkom\\_besk?p\\_objid=60920](http://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Del_fakta.fkom_besk?p_objid=60920)

## **9.2 Merknader til lokal og sentral høyring**

Riksantikvaren (brev dagsett 22.2.2021): «*Vi viser til høyring av verneplan for vern av skog i kommunane Kviteseid, Tokke, Tinn, Seljord og Hjartdal.*

*Riksantikvaren minner om at Fylkeskommunen, som og er på høyringslista, er høyringspart for kulturhistoriske interesser i slike saker.*

*Vi viser til kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen og handsamar derfor ikkje saka.»*

Språkrådet (brev dagsett 16.3.2021): Ingen merknader.

BaneNor (brev dagsett 23.3.2021): «*Områdene berører ikke jernbanens interesser og vi har derfor ingen merknader.»*

Norges vassdrags- og energidirektorat (brev dagsett 8.4.2021):

*«Statnett SF har uttalt seg under oppstartmeldingen av verneplan for områdene. Selskapet har kun merknader til Bandaksliane og Lynglifjellet (utvidelse). Statnett har et kraftanlegg på 420 kV som går igjennom området.*

*Så langt NVE kjenner til er det ingen konflikter knyttet til vern av Heddedalane (utvidelse) og Vasstveitåsan.*

*Bandaksliane og Lynglifjellet (utvidelse)*

*NVE gjør oppmerksom på at Statnett er berørt ved at verneområdet er foreslått lagt over det klausulerte ryddebeltet for skog/byggeforbudsbeltet til 420 kV – transmisjonsnettledningen mellom Holen og Rød transformatorstasjoner. Klausuleringsbeltet til ledningen er 40 meter bredt, 20 meter til hver side for senter av ledningen.*

*Statnett har uttalt seg under oppstartmeldingen av verneprosessen. NVE støtter Statnett sin uttalelse til verneforslaget. Vi er positive til at standardbestemmelser for nettanlegg er tatt inn i verneforskriften. På den måten mener NVE at Statnetts merknader om drift, vedlikehold, oppgradering og fornyelse er ivaretatt gjennom forskriftene i § 4 Generelle unntak fra vernebestemmelsene. Tilsvarende mener vi at Statnetts bemerkninger om motorisert ferdsel er ivaretatt gjennom forskriftene i § 6 Generelle unntak fra ferdselsbestemmelsene. Her kommer det frem at Statnett kan utnytte seg av kartlagte traseer slik som vedtatt i kongelig resolusjon av 23.06.2020, saksnr. 19/3624.*

*Etter motorferdselloven har nettselskapene etter § 4 en generell dispensasjon til motorisert ferdsel, inkludert helikopter, i utmark. NVE ber Statsforvalteren konkretisere at arbeid med drone og helikopter, herunder landing, også gis et generelt unntak fra ferdselsbestemmelsen i verneforskriftens § 6 da dette er aktiviteter som ikke er i konflikt med verneformålet for skogområdet.*

#### *Bjørgefjell*

*NVE gjør oppmerksom på at en 22 kV kraftlinje tilhørende Vest-Telemark Kraftlag Nett grenser til/går gjennom området. Vi kjenner ikke til fremtidige nettanleggplaner i området, så der er viktig at Vest- Telemark Kraftlag Nett blir orientert om verneforslaget slik at de kan uttale seg om standardbestemmelsene er tilstrekkelig for å dekke deres behov nå og i fremtiden.*

#### *Dalåsen*

*NVE gjør oppmerksom på at en 145 kV kraftlinje tilhørende Lede går gjennom området. Så langt vi kjenner til er det ingen nettanleggplaner i området. Vi forutsetter at Lede uttaler seg ifm. høringsrunden.*

#### *Mælslia (utvidelse)*

*NVE gjør oppmerksom på at foreslått vernegrense ligger nært eller inntil en 22 kV kraftlinje tilhørende Stannum.*

*Så langt vi kjenner til planlegger Stannum en oppgradering av transformatorstasjonen Mæl i 2022. Distribusjonsnettets grense til utvidelsen av vernet er knyttet til denne transformatorstasjonen. Oppgraderingen vil i utgangspunktet ikke påvirke det foreslåtte verneområde. Det er likevel viktig at Stannum er orientert om verneforslaget i tilfelle det skulle oppstå endringer i planene. NVE forutsetter at nettselskapet uttaler seg om hvorvidt standardbestemmelsene er tilstrekkelig ifm. denne oppgraderingen eller andre fremtidige planer.»*

Direktoratet for mineralforvaltning (brev dagsett 13.4.2021): Har bare innspel til området Vasstveitåsan, og denne omtala tas ikkje med i tilrådinga.

*«Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 19. februar 2021. DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineraler. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter naturmangfaldlova. Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting. Om saka Statsforvaltaren sender følgjande seks verneplanar om frivillig vern av skog på privat grunn ut på høyring og offentleg ettersyn: Bandaksliane og Lynglifjell (utviding) Bjørgefjell Dalåsen Heddedalane (utviding) Mælslia (utviding) Vasstveitåsan*

...

*DMF ga ingen merknader til dei andre verneområda ved varsel om oppstart. Det har ikkje kome til nye registreringar av mineralske ressursar eller bergrettar i områda sidan dette. DMF har dermed ingen ytterlegere merknadar til høyringa av dei andre planane. For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.»*

Statnett (brev dagsett 14.4.2021): Statnett viser til høring av verneplan for områdene Bandaksliane og Lynglifjellet (utviding), Bjørgefjell, Dalåsen, Heddedalane (utviding), Mælslia (utviding) og Vasstveitåsan. Statnett kjem kun med innspill til verneplanen for utvidelse av Bandaksliane og Lynglifjellet, og det tas ikkje med i denne tilrådinga.

Vest-Telemark Kraftlag NETT AS v/Gunnar Snarteland (e-post dagsett 8.3.2022):

*«Ein bør ha ei grense på minst 30 meter på oppsida av ei høgspent linje. Me har ei klausulert rydde bredde på 10-12 meter der all vegetasjon blir jamleg rydda. I tillegg må ein ha ei sone der ein kan få hogge fritt om det er naudsynt, dvs. å gjere det tre-sikkert. Det er lite truleg at det blir flatehogst i 30 meters bredde på begge sider langs Seljordsvatnet, men det er alltid viktig å kunne fjerne enkelt tre som er til fare for høgspent linja.»*

## **10. Statsforvaltaren sine kommentarar og tilrådingar til merknadene**

Norges vassdrag- og energidirektoratet opplyser at Vest Telemark kraftlag er netteier av kraftlina som går gjennom/grensar til vernegrensa for området, og at dei bør uttale seg. Vi har endra grensa mot kraftline til å ligge i overkant av lina, og Vest- Telemark Kraftlag har uttalt seg til ryddesona. Vi har lagt vernegrensa ca. 12 meter inn for lina, som er den klausulerte og etablerte ryddesona. Om det er behov for uttak av enkelttre i ein større bredde, er praksis at netteier må søke om dispensasjon ved enkel søknad til Statsforvaltaren. Eit slikt løyve kan vere fleirårig. Siden kraftlina er halden utanfor verneområdet, er det i forskriften teke inn berre ei føresegn om kraftlina, jf. § 4 j.

Øvrige merknader tas til etterretning eller er omtala i høyringsdokumentet.

### **Konklusjon**

Statsforvaltaren rår til at Bjørgefjell naturreservat vert verna med dei endringane som her er gjort greie for når det gjeld verneforskrift og vernekart. Avgrensing er endra som omtalt under punkt 7. Sjå vedlegg med føresegn og eige vedlegg for vernegrensar.

## **Vedlegg 1.**

### **Forslag til forskrift om vern av Bjørgefjell naturreservat i Seljord kommune i Vestfold og Telemark fylke**

Fastsett ved kongeleg resolusjon .... med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremma av Klima- og miljødepartementet.

#### **§ 1. (føremål)**

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område som har særleg betydning for biologisk mangfald på grunn av forekomst av ei større bekkekløft, rik edellauvskog, rik blandingskog i låglandet og eit stort område med samanhengande gamal barskog.

Området har særskilt naturvitskapeleg verdi på grunn av forekomst av bekkekløft, sjeldne og truga artar og naturtypar.

Det er ei målsetjing å behalde verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

#### **§ 2. (geografisk avgrensing)**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: 2/1, 2/3, 2/4, 3/3, 3/5, 3/6, 3/8, 54/2, 54/3, 54/4, 54/5 i Seljord kommune.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 4553 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet ..... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Seljord kommune, hos Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

#### **§ 3. (vernereglar)**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp medrekna lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde og andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

#### **§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Sanking av bær og matsopp.

- b. Beiting.
- c. Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- d. Oppsetting av mellombelse mobile jakttårn for storviltjakt.
- e. Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- f. Forsiktig rydding av små buskar og kvist på postar i samband med jakt på storvilt.
- g. Utsetjing av saltstein.
- h. Brenning av bål med tørrkvist frå bakken eller ved ein har tatt med, i samsvar med gjeldande lovverk.
- i. Vedlikehald av eksisterande stigar, vegar, bygningar, og andre anlegg og innretningar, i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.
- j. *Drift og vedlikehald, samt nødvendig istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet.*

### **§ 5. (regulering av ferdsel)**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne. I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling og riding og bruk av hest er forbode, utanom eksisterande vegar og stiar.

### **§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er fastsett av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje for øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsame mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c. Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

### **§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje dispensasjon til:

- a. Tiltak i samband med forvaltning av vilt.
- b. Merking av eksisterande stigar og vegar.
- c. Hogst av etablerte plantefelt.
- d. Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- e. Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnt i § 3 d.
- f. Oppsetting og vedlikehald av gjerder.
- g. Øvingskøyring for formål nemnt i § 6 første ledd.
- h. Uttransport av felt elg og hjort med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd b.
- i. Naudsynt kvisting eller hogst av trær eller anna vegetasjon som skuggar for innmark, som hindrar maskinbruk for drift av landbruksareal.
- j. Gjenoppføring av bygningar merka på vernekartet etter brann eller naturskade.
- k. *Naudsynt motorferdsel for transport av ved, materiale og utstyr til hytter avmerka i vernekartet, samt hytter på gbnr. 3/14 og 54/12 som ligg inne i reservatet avgrensa som eigne eigedommar.*

- l. *Oppsetting av enkelt uthus/utedo eller enkelt tilbygg med uthusfunksjon til hytter avmerka i vernekartet.*
- m. *Naudsynt rydding av vegetasjon i eit område på inntil 1 dekar rundt hytter avmerka i vernekartet.*
- n. *Naudsynt rydding av vegetasjon og skjøtsel rundt hytte på gnr./bnr. 54/4, for å halde opphavlege beite opne og hindra gjengroing.*
- o. *Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 g, i, j og § 7 a, c, d, f, og j.*

#### **§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strid mot formålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

#### **§ 9. (skjøtsel)**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

#### **§ 10. (forvaltingsplan)**

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

#### **§ 11. (forvaltingsstyresmakt)**

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

#### **§ 12. (iverksetjing)**

Denne forskrifta trer i kraft straks.

**Vernekart fylgjer som eige vedlegg.**